



## VEDTEKTER FOR SAMORDNA OPPTAK – KOMMUNALE OG PRIVATE BARNEHAGAR I BJØRNAFJORDEN KOMMUNE

---

Vedtatt 15. desember 2020 i kommunestyret i Bjørnafjorden kommune.

Bjørnafjorden kommune samordnar opptak til kommunale og private barnehagar, jf. Barnehageloven § 17 *Samordnet opptaksprosess i kommunen* <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-0617-64>

Barnehageplass vert søkt elektronisk i Bjørnafjorden kommune på kommunen si heimeside [www.bjornafjorden.kommune.no](http://www.bjornafjorden.kommune.no)

- Det kan søkjast på heil eller redusert plass i tråd med barnehagen sine vedtekter. Barn har barnehageplass til den vert sagt opp eller til dei startar på skulen. Ved manglande betaling eller når plassen ikkje vert nytta, kan barnehageeigar sei opp plassen, jf. den einskilde barnehage sine vedtekter.

Eigar av den einskilde barnehage er opptaksmynde. Barnehagen innstiller til ledig plass i tråd med opptakskriteria som er stadfesta i barnehagen sine vedtekter.

Samordna opptak vert gjennomført i perioden frå 1. mars til mai.

### Hovudopptak:

- Søknadsfrist er 1. mars og vert annonsert på Bjørnafjorden kommune si heimeside.
- Ny søknad må vere registrert innan gitt frist for å bli vurdert i samordna opptak med tildeling av plass frå august.
- For barn med rett til plass må ønska startdato vere i tråd med Barnehagelova, § 16 *Rett til plass i barnehage* <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>
- Barn med nedsett funksjonsevne har prioritet ved opptak. Jf. Barnehagelova § 18 *Prioritet ved opptak* <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>
- Søknad som avvik frå desse føresetnadane vert vurdert i suppleringsopptak.
- Det kan søkjast om plass i inntil 4 barnehagar i prioritert rekkefølge. Barnehagen gjer opptak ut frå søkjar som har søkt plass i den aktuelle barnehagen. Om barnehagen ikkje har fleire søkjarar på søkjarlista får barnehagen tilgang til liste frå kommunen over søkjar som ikkje har mottatt tilbud om barnehageplass. Tilbod kan bli gitt etter avtale mellom barnehage og barnehagemynde.
- Alle som søker barnehageplass mottar e-post med stadfesting når søknad er mottatt og registrert.
- Tilbod om barnehageplass vert sendt frå den einskilde barnehage og svar på tilbod skal returnerast til barnehagen innan gitt svarfrist. Dersom ein ikkje svarar innan gitt frist vil tilbod bli annullert og søknad vert sletta frå ventelista utan nærare varsel.
- Dersom ein ikkje får førstevalet sitt kan ein velja å stå vidare som søkjar til høgare prioritert barnehage og søkjaransienniteten vert ståande. Søkjar som får første valet sitt oppfylt vert sletta frå søkjarlista. Dersom ein likevel ynskjer plass i anna barnehage må ein søkje på nytt. Søkjar som takker nei til førstevalet vert sletta frå søkjarlista.
- Søkjar som ikkje har fått plass i prioritert barnehage eller ikkje ynskjer plass for gjeldande barnehageår, treng ikkje søkje på nytt for neste barnehageår. Det er mogeleg å endre på

søknad i løpet av året, utan at dette får konsekvensar for søknadsdato. Barnehagane har supplerande opptak gjennom heile året.

### **Opptakskrets og opptakskriterier**

Barnehagen kan sjølv definera eigen opptakskrets og eigne opptakskriterier, jf. Barnehagelova § 17: *Samordnet opptaksprosess i kommunen*. Dette skal gå fram av barnehagen sine vedtekter jf. § 8, *Krav til vedtekter*. Opptakskriteria er prioritering i opptak av barn som høyrer til opptakskretsen. Opptakskrets seier noko om kva barn som kan bli tatt opp i barnehagen.

Døme på opptakskrets kan vere barn i eit bestemt geografisk område. Vedtekne opptakskriterier gjeld innanfor opptakskretsen.

Handsaming av søknad i prioritert gruppe vert gjort av Bjørnafjorden kommune. Dokumentasjon på behov for prioritet skal sendast til: Bjørnafjorden kommune, Postboks 24, 5649 Eikelandssosen. Det vert gjeve anledning til å klage på vedtak om å kome i prioritert gruppe.

### **Overflyttingsopptak**

Barn som eig ein barnehageplass, og som søker plass i ein anna barnehage er med i eit overflyttingsopptak.

Gjennomføring:

- Overflyttingsopptaket vil skje frå 15. januar til 15. februar.
- Det er den enkelte barnehage/styrar som sjølv gjennomfører overflyttingsopptaket. Tal tilgjengelege plasser ved overflyttingsopptaket varierer frå barnehage til barnehage. Barnehagen kan bruke inntil 50% av ledige plasser kommande august måned.
- Søknaden vert behandla i den høgast prioriterte barnehagen, dvs. det er kun **fyrstevalet** som blir søknadsbehandla i overflyttingsopptaket.
- Saksbehandlar av overflyttingsopptaket er den barnehagen som føresette ønsker å flytte barnet til. Tilbod om plass gjeld frå august måned i ny barnehage.
- Dei som får tilbod om barnehageplass i overflyttingsopptaket får tilsendt tilbodet.
- Får å få godkjent ny barnehageplass, må ein sei opp noverande barnehageplass.
- Overflyttingsopptaket gjeld dei kommunale barnehagane, dei private kan velgje om dei ønsker å foreta dette opptaket.

### **Tilsyn**

Kommunen skal føre tilsyn med barnehagane når det gjeld opptak, jf. Barnehagelova § 10: *Barnehagemyndighetens ansvar* <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>

### **Rett til grunngjeving**

Etter Forskrift om saksbehandlingsregler ved opptak i barnehage § 4: *Rett til begrunnelse* <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2005-12-16-147> har søkjar som ikkje får første eller andre ønskje sitt oppfylt, eller som ikkje har fått tilbod om barnehageplass, rett til å krevja ei skriftleg grunngjeving. Søkjar rettar seg til den barnehagen som vedkommande ikkje har fått plass i.



### **Innsyn**

Søkjær har etter Forvaltingslova § 18, § 19, § 20 og § 21

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/196702-10> som hovudregel rett til innsyn i saksdokumenta.

Ved manglande tilbod om barnehageplass vil søkjær få informasjon om klage- og innsynsrett.

### **Klagerett**

Søkjær kan klage over avslag på søknad om barnehageplass ved hovudopptak. Søkjær kan óg klage dersom ein ikkje får sitt første eller andre ønskje oppfylt. Ved supplerande opptak kan berre søkjarar til barnehagen med lovfesta rett til prioritet klage dersom dei ikkje får plass i den aktuelle barnehagen, jf. barnehageloven § 18: Prioritet ved opptak

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>

Ved manglande tilbod om barnehageplass vil søkjær få informasjon om klage- og innsynsrett. Skriftleg klage skal sendast til Bjørnafjorden kommune. I klaga må det komme fram kva det blir klaga over og grunnane klaga støttar seg til. Klage må vera sendt innan 3 veker etter at vedtaket er motteke, jfr. §28-36 i forvaltningslova <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1967-02-10> Kommunen legg saka fram for barnehageigar, for å få naudsynt informasjon om opptaket. Dersom barnehagen ikkje tar klaga under behandling eller ikkje gjev klagar medhald i at denne skulle ha fått tilbod om ønska barnehageplass, skal kommunen senda klagen til den kommunale klagenemda for endeleg avgjerdsle. Dersom klagar får medhald, skal barnet om mogeleg få tilbod om plass i den aktuelle barnehagen. Dersom dette ikkje er mogeleg, må barnet få tilbod om den fyrste ledige plass i barnehagen.

Informasjon om barnehage, samordna opptak og rett til barnehageplass vert publisert på

<http://www.bjornafjordenkommune.no/>